Kurs N.O. ½ s. Tog en plate av fjelli
3 pl. er tekje paa filmen
16de Nov. 85°. ÷24.6 ÷22 - 19
Kom til 85° K½3 Torsdag
Hev idag vore lit kupera ter=
=reng Pasera ei sonkning
som var ful av fale sprek=
-kar og hol, om(n)trent paa
84°54' slap dog godt over
y Bygde Depovarde og reiser
videre i morgo Börjer
naa paa tree gr° uten
kvil, endaa er hondan
kvikke
Fredag 17 Nov 85°5' ÷11gr. ÷12,5
Kjörde idag 9 kvm. Kom först up
eindel lange bölger som mit
for ein svær isbre var falt
söndriven med 20-30 fot breie
sprekker kom dog uskadde
desse forbi, fek so ein ordent=
leg akebakke saa bolger paany
Efter at hava kjört 9 m besluta
Kaptein at ta fat paa uptegningi
i S.V. leg retning som ser toleg

god ut. Me lagde daa ned depo
for 30 dagar og letta vare klæ
sækker best me kunde. Etter
=paa var vi bort imot fjelli
ein 5-6 kvm. og saag ut overgang
me møter 3 kvm bratte bakkar
men slette og fine so hondan
kanskje greier lasse
Wisting trota reint av so han
laag at og paa tilbaketuren
fek han krampe i beini maat=
=te legge seg lit.
Kaptein og eg tok turen
bort um ein fjölknat og satte
daa först vaare bein paa bart
land etter 14 måners flakken
paa sjö og is. Eg tok med
meg eit par steinar for moro
skul. Fjelle var fuldt av laus
stein ja formeleg ur

18de ÷14-

Ja naa er endeleg den fæle upstig
=ningen boja. Eg ligg naa her 10 m.
up i sjobræen millom stupbratte fjel
og gamle utglidne sjobræar, Fonni ser
slet og fin ~~sot~~ der me jeng. men stig
ningen er so stor at ein maa hava
16-17 hondar for lasse Det ser
ut til aa gange godt med overgangen
dersom bak desse fjelde ikkje
er noko leie krys av likelöpende

fjel! Tog tvo platur av Karavanen
med fjeld og sjøbræ i bakgrun
samt overgangen
Rak 10 m. idag. lig naa paa ei
slette 2400 f.h. Var up ved sia
av bikubetoppen og skua platae
i sør som me skal køyre bort
over til Polen. Hansen sei han
trur me kan rekke Plataa
um 2 dager, gjer me de
so — —
19de Sondag Etter ein stiv
upmars som dog var greid med
eit kobbel gjek det ned nesten
til bunden av dalen. og i
strukandes fart rann dei
vita so me maatte til med
brems paa sleen. Nok ein
Bræ gjek me up, so brat at
me maatte bruke 20 bikkjer for
kvar slee. Paany ein nedgang
Volsomar eller den fyrste so hon
=dar og slear gjek langt ind
i kvar andre Knekte hovutre paa
min slee og baktre paa Hassels
Kjørde 9 mil og nu befinder
me os paa bugta igjen etter 2 dag
=gars hav upstig — — — over 4000 ra ?
m. høge rygar. Slog leir ved
foten av Haakonshallen paa
den eine sidan og Olavs Høy paa ?

den andre mektige Ruggen som
rek val sine 15000 f up
mot Gud  2 platur tog eg
av dei
20^de^ Idag var de den fyrste dag
paa upstigningi og me rak
5500 up. Me høyrer fæl drøm
av ras bort i Olavs høy av
fæle blokkar som glir ut
Etterpaa var eg og Hansen og
sjefen ut og saag ut upstig-
ningen for morgodagen
og fandt den langt i ost
Me var 8 m udover og seig
mars var de
21^de^ Tirsdag  ÷19.1 ÷26,3
Barom. 10500 fot høgt Hypsom. 10600 fot
Kom os ut fraa dei tusenvis
meter jupe sprekkar og revnur
som me igaar hadde leir. Spendingen
var stor eftersom me kom os ind ved siden
av Olavshougen, om me kansje finn den
fylt av sjo og farbar, og det vart ein over=
=raskelse til det gode, me kjørde up
med enkelt spann tungt var de men
de gjek. Det var den haardeste dag me
hev havt Etter aa hava klara Rnekken ?
gjek de over bølge etter bølge med
fæle skavlar hare som flint, ved
8 tiden rak me toppen av ein bol
=ge bak Haakonshallen og slog

leir, og slakta 23 bikkjer og reiv
indvollen ut, og daa kan du lite
paa at Pemmikan og Ckolade og so
i Posen, jupe polarlive er slit

22$^{de}$ November ÷26.2 med vind
fraa sydost og taako og fok
Flaadde 12 bikkjer og parta sund
og dei Hondan som undgek döden
eter naa sine Kamerater
Reperera sleen min med nyt
boutre fra Hassels slee som
naa skal i Sælan sjöl
Det er slut med de gode være
felte rimar og ein kulsar

23 Nov. Torsdag 85.36 ÷ 24 ÷ 26
Det rouk up til blissard, enaat
som varde heile natta so me fek
ingen svevn tel den jose dag. naa
ved 8 tiden finar vær.
Ved at me gjek over fjeldane og
tapte 2 dagar sleit me stygt
paa hondan Den Barierebug=
=ta som me hev styrt paa gjeng
med ein grein i S.V.leg retning
ind mellom Haakonshallen i
ost og Olavshogen i vest, so
gjeng der ein grein ind mellem
H-H og Bikuben, med som
eg trur ein liten rygg imellem

Frædag 24 Nov. ÷ 27 ÷ 26 –
De vart ein reint fantefrædag av
Vinden löyja daa so vidt og me kom
os ut pakke vaare slear, men
for me var færdige fauk de slik
at ein saag bare 50 m. Det vart lig-
-gedag av som me nytta til at
koke laare av Reks i Pemm.
3 Herlege middager hev me naa
note av våre gode Grönlændere
og de vil eg seia at de smaka fint
lit seigt kansje av skul lite kokt
Hev note H. kjeksgraut koka
mjëkemjel tiden er faen so lang
dei liggedagan Haapar koma os ut
i morgo
Laurdag 25de Nov ÷ 24 ÷ 22 ÷
löy vind utsigter til god(?) vær
seie Mom Stratus 10 Faen til ligg-
=ging ein for snaut puste her i
denne högde
26de Nov. Sundag ÷ 26.7 ÷ 22,5
Kom os ut i ein raka kuling
fraa N.O. Före trægt som kjöru
Distanse 10 m. daa kom me ned
ei brat skraaning og maatte
stoppe for me såag ingenting
Det er truer og ryggen fölgeveien-
=nen av Haakonshallen

27de Nov 86° ÷24 -20
Blaaste verre end för, fraa ost
det gjek durabelt ~~[illegible]~~ medforbakk med
brems under meien. Före var idag
poker so seigt det var som aa gange
paa sand. Platåe er her flat
? og funt som ei takke, og heldig=
vis vart vere fint so de naa
er håp om godt fore
? Smulegröten her paa 86 smaka naa – –

Tirsdag 28de Nov 86°16 ÷26.5
÷18.5 – Vere fint ekkje rekleg
sigtbart paa 86°3 pasera me eit
stort sjøklædt fjel i aust, og
ive paa 9 Km var vi tvers paa
(över) eit fjel eller högderyg i vest
5-6 m mil av
Slog idag Norsk rekord i Polar=
=fart idle me rak 86°16. Nansen
hev 86°14 n. br. Var igaar 9200
? f. h hev folt i dag lit

Onsdag 29de Nov. ÷23 ÷20.1 Faens Bræ.
Fint vær ekkje sigtbart. 2 m. fek me
til vaar forundring auga paa
eit stort Fjel i S.O. m. fæle rivna
bræer som velta ned over ur truge=
=leg trykka fram fraa vidda ved
polen Braen er forfærdeleg rivna
og ful av revner og sluk med

Brester frå alle kanter. Kaptein
doble den Faens Bræ. Taaka lette
trekte seg over snart og me saag
ikkje meir til de. De var væl eit
fagert syn, daa taaka paany let=
=ta og fram kom fjelli og bræen i den
Vidunderlegaste forkoningar ingen Kun
=(st)ner kan faa til noko so fortryl=
lende, den blågrönne jensjin i
tåken aa du — — Trur at eg saa
fjel S.V. for sjaa ein av dagan
Torsdag 30 Nov ÷26 - 24 Klarvær
Hev masa os 5 m. fram i Krok
og sving i alle retningar, de er
i sanning ein faens Bræ med bres=
tar i klos. Hondan slit fælt over
ryggar og dalsænkningar og lous=
=sjo. Det var mektige fjel som
kom tilsyne i ost sikkert ein
15 a 20000 fot höge. Dei gjeng
i S.V. leg retning

Fredag 1^ste Desember ÷22.6 ÷23
De rauk up til kuling fraa S.O. som
stod ind paa telte som han ville knuse de
Törna ut Kl., ½10 daa lagde han seg lit det havde
retta paa före som i skraaningan var alt for
glat for labben og de var eit evigt slit
aa faa lossi up alle dei knekkan og ryggun
som me maatte over. Me kom os daa
ut av Faens Bræen og gud sje tak for de

De hev vore eit folt mas ein 3 dagar
naa. haapar me skal faa de bære
ifal me ikkje möter fjel. Her me
lig er sprek i sprek og smaa kuplar
og skavlar som er danet ved Bræglid=
=ningen. hev kjört 24 km i Faens Bræen, som
me vist kunde undgaaet ved at kjöre um
den mot vest, men ingen kunde tru at
den saag soleis ut, at me kom ut av
den er eit stort vedunder, ut en tap af folk
og dyr. Dei fagre fjella lig der mot ost
trygge og svære som dei högaste i verden
Ca 20-a 22000 fot

2 den Desem. Jævelens navnedag
Törna ut i rukande kuling fraa S.O.
med nedbör med sur sno so ein
saag ikkje til for nasatyp og kjakar
var kvite og hare som Vakjos (voksljos)
Sjefen nase er som paa ein Landbo=
stut og Wistings hake er som paa ein
mule paa ei Jersyko. Helmer har
kjuk skraa og hei ru som som ein
rasp. Det var ein forbanna har
dag, bikkjun glei paa ishaalka og
stoppa up naar sleen kom paa fokskav=
=lan, me sleit os daa fram 13 kom.
i den 10-15 m. vinden, som svei som
varme au au for eit liv. Er naa
9300 f. h.

Sundag 3de Desem. ÷ 23 ÷ 19 - 21
Ein liten löiing jöde at me kom os

ov posen og ifaat, men de skulle
me karan ikkje hava jort for fyrst
var de iskaalka so me ingen ting
saag og skruingen slik at me maa=
=te vera 2-3- for aa trakke slean aver
Naar me hadde kjört 2 km. var de
so stygt at me slog leir for aa
vente paa godvær. Lempa idag
alle vaare sjinklær for aa lette paa
lassi

4 de Desemb 87°9' - 9800 fot over h.
÷ 22.5 - 22.3 - 22

De var storm i mot so
me nok ikkje vente at me
skulle legja 20 Km. bak os som
me gjorde. De var mykje haal-
is fraa fyrst av og eit utall av
sprekkar og hol Wisting kjörte
vilt i ein fæl rivne so me ma
=te vera 4 mann for aa velte de
up at. Der var fleire m. höge
skruingar fraa ost tryk fraa
bræer i land. Falt i ein sprek
so hadde eg ikkje halla meg fast
i ein tamp i slean var eg gjengen
til Kvila for godt. Naa er me
daa endeleg komne ind paa
Vidda, men her er fæle skavlar
og ujamt so de er fælt aa
greie lassi Wisting velta 3
gong idag

Tirsdag 5te Desem. ÷18 ÷15 —
Det var nok ikkje lenje me fek
hava de fine vær, idag var
her toke og N.O.-tavind og
nedbör og fale skavlar so
fæle at ein maa passe nöye
at ein ikkje veltar. Hansen
og Wisting velta idag au
Lagde 20 Kvm. bak os idag
Er naa paa 87°29 br 10800 f.

6te ÷15 ÷17 —
Tåke. Eit Faens skavleterreng
up til 6-7-fot h. H. og W.
velta sine las
Lagde 20 kvm. bak os, det
er slitsamt og gange og
masa med hondan heile
dagen. det knap middag
og dö Cholade 10800 f.o.h.

Torsdag 7de Desem. ~~Nov~~ 88°9'
÷18 ÷19 - gr. Sjostorm fraa ost
före seigt, Hondan mine
trött kjörde Tenkjer slaa Hr
Chakletons rekord i morgo
han rak 88°23' Grade gaat ikvel
Griseradda skal detto platåae
heite

8 de Desem. 88°25' ÷17 ÷18.5
Den Herlegaste dag me hev havt paa lenje, stille og slet og fint lit taake fraa Morgenen som letta Soli titta fram ved m. tiden saa observatörerne fek ein god hogde og fandt at me var paa 88°16' S. Bre.
Satte idag Verdensrekord i hög Bredde ide me slog Chakletons forige 88°23' med 2'm me rak 88°25'. Da mine hondar var fælt slitne var eg 1 m. efter og naar eg kom 88°23 vaia det Norske flagg og eg gjek som paa fjarir Gratulera Kaptein med seiren, han var i skaa=
=lans humör kan de sjönne
I den anledning extra sjokolade
I morgo Koiledag soli sjin
Vidda lig naa for os slet og fin Kansje slik like til Polen
Lördag 9 de Desem. 88°25' ÷20,6 –24
Være helt seg fint, eterm. overtrekt med sirussjyer. Bygde depo og lagde ind 108 rat. hondemat og ca 2200 Kjeks. Derifraa merka me ut 3 Kvm. til kvar kant O. og V. med vimpler og pinnar av kassibor merka med eit

hak i mot ost i vest ingen
Temperaturen fåller

Sundag 10de Desem. ÷28 ÷28 ÷29
Finfint vær men ein Pokker so
sur sno fraa sör. Hondan var
lit bære idag etter kviledagen
Vidda låg slet som eit golv
for os i alle retningar
Lit for kvel sak snöen samen
med eit Drön, som av 1000 der
tonn hadde falle ned
Distanse 16.1 Kom.

Maudag 11 Desem. ÷28 ÷28
88°58' Solsjins vær S.O. vind
Grisevidda lig like flat og
fin. 4 seige dagar til og
? Polen er der. ........Hansen arg
for at eg kjörer for seint

Tysdag 12te Desem ÷24 - 26 - 26
89°15-15- Polen er i sigte
Fint vær. gode observationer
Distanse 17 Kom. i kursens retning
med eit merkje. haap=
rar og bed min gud
at vore maa verta
fint. Havregout i kvel
Her piska hondan fram

i högd med H. H sine 70
Bevegar os i 11000 f. h

Onsdag 13^de^ Desem. ÷23.5 ÷23.3
Solskinsvær finfin dag 15 Kom.
Kanskje er terenge lit Bölgefor=
migt med lit stigning
Ligger naa paa 88°30' m 89 ?
2 dagsreiser fraa Polen
Kaptein er i godt humör og er
ualmindeleg god mot meg
Hadde ein fin draum her um
natta. Ei jente ei liti ting
ei kom med beværtning og
blomar til meg deriblant ein
stor rau rose

Lourdag 15^de^ Desember 1911
Sörpolen

Torsdag 14de Desem. 89°45'
÷23 ÷23 -23- Lit nedbör
men Solsjin S.O. vind 2-3 m
16 Km. fart. Hondan eter sin
eigen sjit, og kan dei koma
til so gneg dei av bindri paa
slean og jupt ind i veden
Rart nok seg dei fram, men dei
faer smaka pisk og svipeskaft
Kan naa ligge og sjaa
burt til Polen, og eg höyrer
kor akselen skrik men imorgo
skal den smigjast. Spindingen
er stor, skal me faa sjaa
Engels flagg - so gud naade
os, trur de ikkje
Fredag 15de desem. 90°
Sudpolen kak me ½ 3 idag
höyde og soltne gud sje tak
for me naa hev ~~mat~~ nok
for tilbakeluren
So er me naa rukke vaare
lengslers maal, og de er de
store at me er her som
förste mann, ingen Engelske
flagg vaier, men naa eit
3 farga Norsk. Dessværre
var være slik at me fek kun
ein daarleg upservation
Hev naa ete og drukke

i overflod de som me hev
magta. Sælbif og Pemik. og
Coselade og keks
Ja viste du mor og du
Saamund og du T. og Soein
og Helga og Hans, at eg naa
sit her paa S. polen og skriv
so kom de væl til at feste
for meg. Her er slet som
paa Morgedals kjönne og
godt skiføre
Kaptein fotografera os
under flagge
Alle mann var med og
planta flagg som blafra
so silkeduken riona
÷ 21 – 23 – 23 –
Hev kjørt 735 Km. fraa
Framheim Ca 1400 kilom.
S. Polen 16de desem ÷ 22
Klarna up til fagraste solsjins=
vær. so observatörian spring i
kros med sine instrument
for at bestemme staden. Er komin
lit Vestleg 5 km. Gjek ~~igaar~~ idag 10 m
N. over med eit flag og sette
up, Wisting gjek i vest og Hassel
i ost
Gud sjé tak naa er eg daa kvit
? leale med mine hondar

Wisting tar min slee og 4 hondar
og Hansen dei andre 2 Gjeng imorgo
paa leiting etter polpungle, so
blir det vel iovermorgo paa heim=
-tur. Hev lite Cokolade so naa
vert de knipping paa den men auking
paa Pemmikan. Ingen Engelsk flag
aa sjaa nokon plas

17 de Desemb ÷21÷ Sundag

Ved observation fanst dei ut at me
var 5 m. v. dei kjörde me idag
Sette prikken av polen er i taka
Kaptein og Hansen og tildels W.
Hassel driv ustanseleg og tar höider
Fek os idag ein god sigar som
som Fru Rambek sendte meg til
Jol. Gjek idag ut 2 m. ost med
ein vimpel, eg og Hansen.
Imorgo sætter me kursen til heimen
vaar paa Barrieren gud sje tak for
de, Alle smaating vert naona med
Sudpolen

18 de Desem. ÷22÷

Gud sje tak, naa gjeng kursen
heimover kl. 8 ikvel, me skal
naa kjöire om natta
Ein masse observationer er
tekne og Polen bestemt, og den
Norske Polheim er reist med
utstyr og instrument

140 Kvm. bli væl seige, men de
gjeng væl. Me hev havt de mest
storslegne vær her med Polen
so me kunde sjaa i fleire mils
avstand 19de Tirsdag
Me kom os iveg. ide mest storslegne
værforhol som ønskast kunde
÷19 gr. maa seiast vera fint ved
Sydpolen. Hundarne stakkar hev
ekkje blit uppfödde ved Polen endaa
er dei kvike, me kjörde 15,6 kvm
paa 7 timar. Fyrste kvellen fek me ?
kom fram fek dei sin luns, den
andre dagen fek dei sin kamerat
Helga fraa Hansens kobbel som
gjek ned med hud og haar
3de dagen sin luns, men so ekkje
noko den 18de for um morgon den
19de etter 15 m. mars
Starta fraa Polen med 16 hondar
for 2 Slear, derav er 2-3- fæuge
Eg vandrar naa fyri og leitar upp
de gamle spore Vardan lyser fint
~~fint~~ i sole so ein ser den 2 mil
20de ÷24.3 ÷21.2 stille og
fint 15 mil. Kapteins yndlings
hund Lasse renonsera paa
livet til fordel for sine kamera-
=ter som aat han med skin
og bein

21 de Desem ÷ 24 ÷ 24.2 - 24.2 -
S.O. vind, dise i horisonten
som letta ved 1/2 9 tiden til
de mest storslegne var
Per til Wistings kobbel kunde
ikke meir tog med glade mot
eit økse hog i hue som lønn
Sjefen auka ration av Pemmikan
fraa 3 1/2 til 4 - lonser, gud
løne han for de, naa er eg so met
og god at kan ikkje sei de
22 Desem. Fredag ÷ 24 - 25 - 25.5
Det var reine sumarvær i dag
bom stille og solskin, spore
falt matt men Vardan lyste
som elektriske lantærnur
Hondan fek Per i extra for
i kvel som dei med glade
tok imot. 15 kvm. 55 m.
fraa Polen
23 de Desem ÷ 24 - 27 - 26 -
S.O. leg vind lit dise i hori=
sonten. Spori falt svage so
ein snout kunde dei fylje
15 m. Kjøirer omlag 7 timar
Det tilleg som me fek til
middag kjendes at gjera
virkning Får me 2 maal ?
umdag og er tilfreds med
de

24$^{de}$ S. jolefta ÷ 23 – 26 – 25 –
Dajen hev vore fenfin, den finas-
=te som me hev havt paa
aller so lenje. sjii glei godt
Spori var fælt vondt finne dei
2 - 3 fyrste kom, men so josna
de up til de fagraste solsjins=
vær 15 m. 7 timars mars
Framheims sande jolefta 88°25'
25$^{de}$ desember ÷ 25 - 27 –
Ja. naa er de S. Polens jolefta og den
turar me paa 88°25' naa holler
W. og Hansen paa med jolegrauten
me hev idag havt fint före
Depoe fandt me i behold og me
hev naa Proviant for 12 dagar
for folk og hondar
Aa kor liver du naa mor
haapar du er Frisk og liver
godt, skal snart sjaa til deg
Kunde eg stiga med 7 mils
steg, og sita med örliti
stund hjaa deg, du mi
mor Me er naa 100 m. fraa
Polen og 600 m. fraa Fram-
heim seig jomp blir de nok
Joledag 26$^{de}$ Desem ÷ 26 ÷ 26 –
S.O. vind, godt skiföre
15 m. i ein trek uten

stans. Her naa ingen varde aa
gange etter. Fygde sporé
i 12 m. daa mista eg dei
Ja kameratar heime korleis liver
de, de behöver i allefall ikkje
ovünda meg ennä
Her ser ut til at ble kalt
frametter - gud jeve me
vai ned paa Barriren, her
er tungt at puste og nettan
er faens so lange. Spiser
naa bare 2 maaltid um
dag
Onsdag 27de Desem. ÷ 25,3 - 27 -
88°+5. S.O. vind fin fint-
före låg fok. 15 m. 6 timars
fart. Skavlut og glat, fek
Gameril fjelle i sigte idag
forut til Högre
Grisesletta 28de desem ÷ 22 - 22
Være som igaar utan fok
Hondan friske, og före let
men vrie aa gange paa
5 m. uten stans
Bad Kapteen um lit bære pemi=
=kan og fek ein ½ rat i tilleg
Sörleg vind. Sletta ser ut som
eit storkna hav

Frædag 29de 87°25' ÷22 – 25,3
Klart solsjin med 5-6 m. S.ostleg vind
Wisting heisa storfokka idag og han
sagde at han snórekjórde i heile
dag. Tildels fæle skavlar, stundom
føleg slet, hev havt land forut
til hogre i heile dag, kom nokso
mykje ind paa de. Det er land
som me ikkje sågg paa sórtur
for daa var me ute i Kuling
kvar dag 15 m. idag
4½ Pemikan gjek ned som bos
forresten fek eg same kvantum
idag som ellers. Det er ein
følk so reinsleg kok me hev
han. slikkar suppeausa naar
den er brugt
Laurdag 30 Desem 87°5' ÷20 ÷21 –
Hård sudostleg vind i heile naat
med fok. Idag lit lóiar, men
sjiføre so let som de kunde verta
Hadde ful hyre med aa koma
meg unda Helmers hondar, alle
best som eg trudde at eg var
langt undan kom dei stikkans
fram paa sida mi. 5 timars mars
15,5 m. Hev dei nyupdaga fjelli
mesten tvers 20 m. av, hev vaare
gamle Fjel isigte forut til hógre
til dels leie skavlar

Sundag 31 desem. 86°55' ÷ 19 – 21 –
Samse vær og före de. vind lit laag
fok. Den lettaste dag me hev
havt. Vaare fjel i sigte, hev jenje
med 700 f. 15 m. 5 1/2 timars mars
Nyttaar 1912 – 86°40' ÷ 19 ÷ 20
Förske dag av aare, kjære dag-
-bog: var ikkje den fin og let
den deiligste av af alle, vaar
fjelkjæde lig i aust og gjyller
og so Haakonshallen og
Olavshaugen forut.
Faens bræin hev me snart i vente
med Depo og mat. Kva vil de
nye aare bringe, av glæde og
nyhetar og efterretninger heim fraa
Wisting er so ille av Tandpine
at de er ein gru. hev havt de
i dagavis 15 m. 5 1/2 times
mars
2den januar 1912 ÷ 19 ÷ 21 –
Same fine være 16.3 m. Faens bræ
kom me os fort og fint over
paa 2 1/2 time de som me paa
sörtur bruka 3 dagar med
de fælaste slit. me traf ein
skraa slet strimmel med lit
fal som förde os ned paa
sletta, mellom fæle rivnur
Kaptein meiner me er i ost

for Depoe likeeins dei andre
Eg derimot trur liksomykje at
me er lit vest, i morgo faar
me sjaa
3je Januar Onsdag ÷ 18.8 ÷ 21 –
Ja ein veidt lite fram, trudde de
at vere skulle halle seg, men nei
tak 3-4 timar etter me var törna
ind trekte han over og det vart
virre og verre utover morgoen so
ein saag ingen ting, trur at me
er komne lit langt ut paa Braen
Etter peilingen den dag me lagde
Depoe hev me naa kjört 3.4 m i den
rettning dei meiner depoe lig, men
ingen ting set til de, falt uvist
um me fin de um her klarnar
desmeir ifall forestend der os
ein liten pröve paa, daa me hev
bare 3/4 rat. Kjeks og 2 dagar Cokolade
men heldigvis nok Pemikan.
Hondan faer fö seg sjölve, ved at ~~eta~~
eta kvarandre up, og so til
slut i Selan og trekke
1 aar ein kraftig middag ned=
=sekt melte W. at vere fina seg til
og paany braut me leir for at
leite etter vaart stabur, som snart
enda med den slutning at me var
komne vestpaa, Altso min tankje
og Kaptein syntes at det var faa= ?

leite meir etter de. Kursen saattes ?
daa for Slagteren. I den retning gjek
de daa 9 m. so fek han den ide at
me skulle hava tak i Depoe, kor
faen de laag og alle var desi enige ?
H.H og Bjaaland vart daa kaara
til de. H. med tom slee, og sine
gode Grönlendere, eg paa mine
lette ski som forlöper. Kursen sattes
N.Nv. og de gjek i full fart tilbake
Kaptein sa han trudde de var 8 m
men jagu sa eg smör 11. mil Kjörde
me tildels i kjukke og fok uten
at me saag noko. Heldigvis letta
de lit forut og snart fek me
sjaa de tvers 2½ m mil av, og
glæden kan du vita var uhyre
13.6 m kjört. Tilbaketuren
gjek med lyst Kaptein var straa=
=lende, og det med rette, for ellers
var det sine kobbele dödsdömt
Eter 10 timars mars var me ved
leiren, daa hadde me alt i alt
den dag tilbakelagt 42 m ein fin
distanse uten kvil, men so er
me daa rike paa Proviant
Vaa hel Wisting paa med
Nyttaarsgrauten, nam -

Proviant hos W. 43 rat. hondp.
Menneskep. 73 rat.
Kjeks 600 st.

3je Januar 1912

H. H Hondep. 72 rat
Menneskep. 8 =
Cokolade 31½ pl.
Mjolkepolser 6 st.
Kjeks 1200 st.

4de januar 1912  85°49' ÷19 ÷19
Sommervær og ulyse sigtbart
saag Haakonshallen og Bikuba
og Olavshaugen, godt före
20 m. 7 ½ times mars
Tenkjer pasere Slakteren i morge
Skua idag for seinste gong
denni Kolosale Fjelkjæde som vel
gjæng ut fra Viktorialand og
kansje forbi Polen og kansje langt
til den andre ende av Polarlande

Frædag 5te januar ÷26-23-13-
Törna ut Kl. 1 med det maal for auga
at me skulle pasere Slagteren og taka
den seinste nestigningen
Alle var vilde naar me kom til Slag=
-teren ingen kunde kjende seg at för
ein tenkte seg 2 gonger um, fyrst
naar me fandt depoe opna auga
seg for os eindel. Paa Slagteren
fora me hondan og slengde 2-3 skrol=
=tar paa lassi og se i hui og hast
ut for bakke den eine verre end
den andre, men de gjek med
brems under meian
Kjörde 23,5 m 9 ½ times mars
Sjefen hev naa kome til den rimelege
slutning at dessi fjelli Haakons-
=halli og Olavshaug ikkje kan vera
meir end 12-13000 fot höge

mot 18-20000 f. vilket eg had=
=de so fait vondt for at fatte
Ved at kjöre etter bunden paa
Bugti ikkje yver fjelle vil
me koma til at erfara enten
me var heldige eller ikkje med
vaar upstigning. Kanskje at me
til Högre for Hallen hadde
funne de finæste pas
kan ikkje tru at me hev over
25 m. fram til depoe, fra bunden
av dalen. Imorgo skal me daa
i allefall vera nede i dalen der
ein kan faa puste paa folkevis
og faa lit bliar temperatur
ikkje at forglöyme mat og
drik de me önsker de hev vore
lit knipe i Cokolade, som ved
ein feilregning vart lagd ut i
for stor mengde
Laurdag 6te -23-12.1-
Ja gud sje tak naa er me
komne ned i låglandi at
etter 6 vekurs hard tilvarelse
i ~~....~~ den Törre kalle naren
Skiföre var idag finfint myuk=
=kare sjo, men for hondan var
de fält der sak i til knes.
Fek mange gode sjelaipur
og eg Kaptein kaprandt. 11.6 m
Her me naa er, låag me for

47 dagar sia, daa hadde me myk=
=kje Slit og vonde dagar i vente
Fram lig kansje ved Manhausen
og ventar paa karan, ja um ein
maane so skal dei faa os.
Hassel frydar seg til ådsigter=
=ne til meir mat, som me stun=
ner mot. Haakonshallen synes
naa vera bare ein liten top, kansje
ikkje meir end 10-11000 f. hog
7de Januar Sunday ÷12 -12-
Fölgefonden. I dag hev de jenge
osl etter Fölgefonden, före
var ypperleg lit blaut for Hon=
=dan. Bugta gjeng up paa Högre
sida av Haakonshallen hvor
den möter svære bræer. Hev naa
snart rekkje Barieren, og kansje
ikkje meir end 10 m. til Depoe
I morgo faar me sjaa um
min spaadom om 25 m. til
Depoe, holler stik, Sjefen trur
de naa at me ikkje hev
leng. men han lot haanleg at
min antagelse for 8 dagar
sea
Kl. 11. Kvil 7de sama dag ÷11
85°9' Etter 6-7 timars sveon,
drog me os ut or telte og i
veg. Daa me pasera ein ryg
snart ut for leiren, saag

spurte, eg Kaptein um eg
kunde gange etter ein kort
skavl som eg saag langt
forut, eg trudde nemleg
at det kunde vera Depoe tok
eg kurs lit til venstre
Etter 8 m. mars kom nokre
hoge fjel i nordvest, som eg
tosse var so kjendelege, og eg
spurde H. H um vaar upgang
ikkje var der, sa han nei men
eg vart meir og meir sikker
og daa me naadde ein hög
ryg fek eg auga paa Depoe
eg kika paa ule og sae, der
er overgangen" med Kapteinen
„nei om de er, daa vedder
eg ein Million," men ~~um~~
lit sae han ule „hev ret"
og so var de. Distansen fraa
? der Fölgefonden til Depoe. vart
27 m. 2 m. leng end eg gat
paa. Me hev naa lossa Sleen
med mat og drik, berre me
naa faar löv til at benytte den
H.H. og W var burt paa
laagefjel med ein P. donk
fyr og ein setel og bygde ein
varde til eit tegn paa at
folk hadde vore her
I morgo settes kurs for
Framheim med 15 m. fart

og dagen delt i 8 timars sveon
og 8 timars arbeide for aa slippe
dei lange nettene, me drik naa
sjokolade mit paa naatta for
at tiden skal gange fortare
I grunden liten hyggje, kva de naa
er som er grunden
8de januar, Maandag ÷11–11
Fal nedbör idag med 7-8 m.
vind S.O. Fandt godt fram
til Depoe paa 85° der me
naa lig. Vare hev fina seg
til at Fridtjof tieste hon=
den i mit kobbel vart ikkje
gamal i Wistings tjeneste
Den maatte late sit liv i
gaar. Dens indvolde var
stygge
9de januar Tysdag ÷6,5 ÷9,7 –
Bekanke kjukke so ein såg
ingen veg. Holdt dog Vardelina
Ser ut til finvær N.V. vind
16 m. Mykje laussjo

Onsdag 10de Jan. Kl. 12 m. ÷11 ÷8
Distanse 16 m. Sjokjukke og
(og) nedbör og ein forbanna
jot eg hev aa gange fyri
Ingen Vardar aa sjaa, er
vesterpaa formodentleg

Torsdag 11te januar 84°15' ÷ 8 -
Være hev fina seg til toleg sigt=
=bart so me snart fandt ein
varde № 69, eindel sjyer gjel(p)=
=te til saa det var bare halle
retningi. Fek idag eit herleg
bod, med helsing fraa Fram=
=heim 2 Kraaker som nok
kom derifraa igaar. Det vart
jubel iblant alle daa dei svæva
over os, og gud dag gud=
dag Kjære skua kraake, kor
hev du livt no eg skaut paa
deg med Revolveren min og
du jore bare bukka. hev du
livt godt paa vegen kan eg ten=
=kje paa 80° paa vaar Sol og
I og II 80° paa vaare bikkjer
Jaa dreg du din vegen tilbake
saa hels Lindström at om
20 dagar skal me koma og
gjera kaal paa dine Haatkjek
bif og din frugt ja om de
var grönne Blommer
Halvvegs millom Framheim og Polen
var de dei kom os imöte
Kl. 10 den 11 januar 84° ÷ 8 ÷ 12
Stratus 10. Stille og fint, det
beste sjiföre fandt depoe
5 1/2 times mars. Kaptein

(Kraake maa vera skuamaake

?

utolmodig taaler ingen
motseiing, skarp disens om
Briller, er han lei tu, for at
eg ikkje bruka dei Roalske
ojef sjitbriller? Det herlege syn
av lande som me saag igår
er idag forsvundne for våre
augur. Det saag ut som
ein Trolheim der de glima av
(av) sólv og glimesteinar
Frædag 12te januar 83°45' ÷10 ÷7
Kl. 2 m. Fint vær dei 10 før=
=ste m. no kjukke, nordleg
vind Jau godt. Sprekkar
visa seg nokle av, smaa
Sov naa 7 timar og so ut
aa kjöira ~~at~~ 15 m. til me rek
82° so 6 timars svein til
80° graden er rukken so
20 m. til me rekker Fram=
=heim
Laurdag 13de 83°30' ÷6 ÷7.7
Tórna Kl. 2 nat og kjorde
15 m. 6 timars mars Slog leir
Kl. 8 morgen. Kjukke fraa
morgon, men so fek eg endeleg
etter 3 m. mars ei gul stripe
aa gange etter, som lit etter
lit letta högar og högar ?
före finfint. Tragen varde

Kl. 1/2 12 13de januar ÷ 4 ÷ 11 –
5 timars mars, 15 m
Finfin veer og føre
Fandt varden idag
saag dei 4 m. før ?
os I morgo hev me
Depoe paa 85 gr. og ?
tage ind
Sundag 14de januar 83° ÷ 1 ÷ 10
Kl. 4 etterm. Stille men kjuk=
=ke saag bare fyrste varde
H. H. kjørde etter kom ...
si, so eg slap vera forlo=
=per Kom 1 m til høgre
for ~~...~~ Depoe. Her fandt me
friske spor etter Hundar
ein eller to er me ikkje ~~...~~
sikre paa, kanskje det er
ein av dei som reste ifraa
meg her. Endaa Pemmikan
ikkje låg i kasa var den u=
rørd
15de januar 82° ÷ 10 ÷ 11
S. V. vind Kjukka er faens belys=
=ning. Ligger i Vardelina. Såg
spor av hund ved 46' m var=
=den det visa nordover. Føre godt
82° 30' Tysdag 16de januar
÷ 10.8 ÷ 11 Siglbart og fint
godt føre, haf varden

Saag hondespor vde 35' m varden
16de januar kl. 6 em. 30 m. pr døgn
82° 15' ÷ 7.5 Finvær, fandt
Else, Hassel urørd, den vart
fora up, den lugta lit vondt
Såg hondespor eit par gonger
Søg ut som de var av tvo.
82° 17de Onsdag ÷ 11 ÷ 9,6 –
Kl. 11 fm. Være kjukl, men slog
snart om til fint, traf varden
dussi som laag paa 82° 3' var
faren i Hondan, likeeins Jaala
og Uranus og 20 Lonsen Pemmi=
=kan var forsvundet, derimot
mjølkemjøl og sjokoladen var
urørd. Det er idag fest middag
paa bif og Pem. Skulle hava mjøl=
=kegraut her, men eg tvilar me
faar den
18de januar ÷ 12 – 10
Torsdag. Stratus 10 ei lite
stripe i N. gjelpte til merkje ea
gange etter. Hev funne kasse=
=bora som vart sette ifjor
Fek den herlegaste Cokoladepud=
ding so disær
Kl. 8 Kvel sama dag
81° 30' Hev idag kjørt 30 m.
føre godt, men daarlege

merkje aa gange paa
Pasera kassebora som var
plasera uppaa nokle sjoblokkar
ifjor. Sörleg vind
Fradag 19de januar ÷10 ÷10,5
81°15' Den finaste dag me hev
havt paa lengje. med solsjin
og sudvestleg vind. Fek idag
ein glyt av Kong Edvard den
VII des land. Saag fleire bare
og sjokladde fjelkoppar som
syntes gange i N.O. retning
Her hev me pasera 2-3 gon=
=gur tildels ........ og ingen
ting set. Eg trur de lig ein
30 m. av

?

Laurdag 20de 81° ÷19 ÷15
Grov os idag fram til Depoe
paa 81° 17 m. paa 6 timars mars
Saag lande i aust baade ~~syd og~~
syd og nord heill ned til ~~80°30'~~
80° 30' trur eg. Me hev Kjört
för lit mer i vest derfor kan=
=ske ikkje kom upp paa so hög=
=ryggar og daa er lande sjult
Pasera mange fale sprikkar og
skruingar. Kom lit til ~~högre~~
högre fo. depoe
Kl. 9 Laurdag 20de januar

÷11 ÷15. 80° 45'
Finfint vær og føre, fandt
Bonde ved stoppestaden og
føra den up. Vestleg vind
Sundag 21de 80°30' ÷17 ÷13 -
15 m. i telt Kl. 11 fm. V. vind
Finfint vær
Maandag 22de kl. 3 fore m. 80°15'
÷17 ÷13 - 15 mils mars, Hadde
besök av ei Skuamaake som ← ?
svinga rund telte og satte
seg ned eit öieblik. Trekker
ind fraa N. nu staar vinden
fraa syd
Kl 6. 22de 80° ÷7 ÷5.5 -
Kom hit kl. 5 etter m. etter
14 m. fart. Saag depoe 3.5 m
kom ret paa de
Fandt raporten fraa Prestrud
og Johannesen og Stubberud
dei var dregne herifraa
13/11 1911 i ost mot Kong
Edvard den VII des land
Sudost vind, oversjøya
Ja saa hev me daa 4 mars=
ser til Framheim, det vert
ein pokkers so seig tóm vera
forlöper

Tysdag 23de januar 79°45'
÷11 – 10 Kjukke S. ost vind
Ha ha du karan som skulle
snörekjöire 20 m. far nok
labbe til Framheim. Hev
gjenge over til 15 m. mars
paa ny. Framheim Fradag
Onsdag 24de Kl. 2½ f.m.
79°30' ÷12 ÷17 – Nedbör og
kjukke som letta om ein
times tid. Pasera vaare
istoppar paa 89°42, er nu
komne til österpaa
nokle mil, haf paa istoppar
som me pasera paa östsiden
av. sprekkar saag me nokle
av
Kl. 6 em. 24de 79°15' ÷12 ÷14
Finfint var, men eit faens so
tungt og seigt före, er komne
langt österpaa er gjengne
up 1000 fot
25de Torsdag 10 f.m.
78°55' 18 m. fraa Fram=
heim Herregud so me daa
komne vaart kjære Framheim
so nær. Kjörde idag 21 m. i
de beste före me hev havt
paa lenge. Eg au fek

hukke meg ind paa ein slee
dei seinste 5 m. Er vist ennaa
langt öster av kursen
Det er tankjen koma heim
og purre dei ut av köium
Fredag morgen. Det friskar
til til ein liten kuling fraa
S.S.V. Proviant hev me omtrent
ingen ting av, lit keks og Cokolade
26de Fredag. Paa Framheim
igjen Ja Gudsjelov so er
me naa der igjen daa og i
god stand og i full vigör
Kom hit. Kl ½ 4 idag tileg
og tok alle paa köia, Fram
var ikkje aa sjaa. den var
gjengen ut, som folge av
kuling. so ingen post før
ennaa. Vart kjærleg mottek-
ne af alle paa de beste
Lindström beværta med
Haalkjek og alt som godt
var. Drak so etterpaa
eit velkomstbæger med
folkji, eit rektig god Sjerri
Laurdag 27de januar ÷
Ja den fyrste naat er tilbragt
i hus og det maa eg seia eg sov
som ein stein. Idag böjar
pakkingen og forberedelsan til

Flytning fraa Framheim. Var idag
3 m. sörover etter 3 slear som
stod der etter ivaar. Og og
Hassel daa fek me auga
paa Fram langt ut i bug=
=ti stemme und mot isen
og snart fær me daa endeleg
vaar post og fær höire nyt
Kl. 13 em. var Fram ved
isen og flöita os ned, der dei
tok mot os med smil og hand=
=tryk Kaptein og W. og H H
blev ombord til Kvels.
Paa heimturen lot dei hon=
dan fluge fraa seg (: H. skulde
trive etter piska so som
han mistte. og dei maatte
labbe. Dei var i störste
skrak for ein ½ gris dei
hadde paa sleden og all
Kapteinens Post som var surra
paa sleden. De fandtes
daa i god behold ved mont ?
Nilsen velta i ei hole
Um 2-3-dagar sættes kurs
for Tasmanien og so — —

Sundag 28de januar 1912
De er fest paa Framheim
idag avdi at de kansje
er seinste Sondagen iland
og so fær vaar gode Nest=
kommanderande Löitnant
Nilsen som kom up, han
fortælde i de vie og breie
kor dei hadde livt
Mandag og Tysdag 29de og
30te vart benytta til fragt=
=ting ombor alle ting som
skulle brukast til N. turen
og so kl. 9. em. den 30. stak
me i sjöen, for Hobar Tasma=
=nien og forlater desse
egne og Framheim med
alle sine herlegheter, til
= kven som hev lyst kansje
Japsen som ligg her burt
ved paa barrieren
Dessværre hekke, de over med
skod so me ingenting säg
av de heile, men Farvel daa
Framheim og is og sjo og sæl
og kraake og alt, du var
lone ful og lei og kall iblant
men bære end èg vænta

2den Februar - Traf isen igår
og helt vestover for at finne
den lit slakkar og det gjorde
vi. Være er fint
Tysdag 6te februar 1912
8 dagar hev eg naa pröva
sjölive heldigvis uten sjugdom
Idag er eg fri, den fyrste
paa 2 aar som eg hev vore
heilt Fri, det kjendes behra=
geleg. Hev paa desse dagan
haft daarleg og tildels mot
=vind, men liten is, hev tildels
seila langs kanten, for aa
koma rundt den og lenger
vestpaa for at faa tak paa
ostavinden. Det hev gjenge seint
er naa omtrent paa 2-73° gr
Kulda hev vore ÷ 2-3 gr.
Hadde lit is idag, som donka
mot skutesida

12te Februar Graavær, og
kuling seint og vinden imot
Den 9de seig me ut av
Polarhave ind i stillehave
Hev enda passera isfjel
Paa 65° br. Befinner meg godt
tilrettes paa sjöen endaa
her er lite av interesse

Forholli er de gamle, og det
vil seia at her er mange
som er misfornögde esær
Trums-karan som vist
stilar etter Styrmannspostar
og sætter splid ind rakkar
ned paa Löitnanten.
Sunday 18de Februar 1912 60°
S.br. Stille og fint vær
Hadde venba kuling igaar
so me jore 7-8 m. fart
ellers hev me krekje os
elendig seint fram, motvind
og taake og regn og hög
bausjö so motoren hev
staa stil. Skal vera fest
forut kl. 5 em.
Eg befin meg godt, er frisk
og god, hev sluppe forkjölelse
Hev idag fri
23de Februar Fint vær
men daarleg vind
Hev bestemt meg til at reise
heim ifraa Bones=aires
Fek bod fraa sjefen om
aa koma ind til han
Som svar paa om eg vilde
heim gjentok eg at de var
min bestemmelse

og eg skulle faa min
vilje, gud sje tak for
de. Det bli ein lang
og seig tur ~~faa~~, som gutan
nok kjæm til at faa
smaka, fornöielsen av
kjender eg gubben ret

Tysdag 5te mars
De var ein forbaska job
koma seg ind til Hobart
storm og stilla hev löst
kvarandre av, og naa ~~naar~~
me endeleg er ved ind=
löpe til maale, gjeng
dei so gud hjelpe meg
forbi, so fölgerne vært
at me maa ligge
krysse i storm, med
reva seil og flenga
Klyver

Min gjebursdag
som er i dag vert
hallen paa vanleg vis
lit forsjellig fraa ifjor
i 40 gr. kulde paa
81° syd br.

Onsdag 10de april 1912
Paskehelgi er forbi
og dermed so er de de
sama einsformigheten
paanyt. Me hev havt dårleg
vind, elendig, men naa hev
de friska up fraa vest
Upplevde ein ting som væl
aller kjæm til aa hende meg
meir, ide me passera 180°
laut me byte dato og paa
den vis fek me 2 torsdagar
i ei vika og de to =
Skjertorsdagar atpaa
12te De blaaser like for
banna godt omtrent
storm so gamla fer 8-9
mil i timen
18de kuling regn og kjukke
20de god vind og klarvær
21de Sondag fint vær
men hög sjö og ei forban=
na slingring
22de Blaaser ein liten
storm, maatte gje up fokka
Fram rullar forfærdeleg
hondan og alt laust
flyter som f------

?

Tysdag 23de april
Være hev bedaga seg og
sjöen hev lagt seg 4 m.
fart. Slagta to sauer
idag. Befinder oss paa
116° lengde og 53° br.

24de Omtrent stille, motor=
vær, lit oversjöa
Lempar paa sjöen 6
ballar halm og 12 =
– " hakkels

25de Fin S.V. bris smaa
regnboier, & - - - - - - - - ?
hev pussa jevær idag

26de Frædag: Brisen vart
til kuling og drömde den
var ein 3 dels storm og de
er de val. Sjöan er höge
og Fram velter seg grueleg
Sjöan slar over dek ein
knuste sjeilette forut indaa ?
der var lem for, 8 dagar da ?
gjik det til bagbords
Ser ut som den loiar so
smaat i kvel

27de Vinden loia og spring
om fraa N.V. til fin bris

med regn ime breke as
bort over til Hornet
Eendel springarar boltrar seg
for baugen
28de Sundag. Sudleg bris
graavær og kalt 5-6 m i t.
Mandag 29de Ikke før var
sondagen slut so rauk de
up ein storm fraa sud
med fæle sjøar, og Fram
benytta leiligheta til at vas=
=ke sine baatar og dek
Kan mest ikkje faa sova
ein hev nok med at halle
seg fast i køia
Fram hev aller ikkje so mykje
vatn over, og ein kan vera
forbered paa de værste
ingen veidt kva hende kan
i so uprørt hav, sjøan
kjem som fæle fjel og dale
Onsdag 30te april
Fremleles kuling og fæl sjø
hev dreje sig vestleg ?
2den Mai Vinden som igaar
var vestleg og loi sprang
rekte um fraa sud, til
har kuleng, med sjøbøier

imillom. Me er naa
4-500 kvm. fraa Hornet
val verdens mest vind=
hare stad

3je mai Kulingen lae
seg Ved 5 tiden i dag f.m.
Naar me kom paa dek idag
laag sjøen kvit paa dek
Me hev kuldegrader

Mandag 5 mai Kap Horn
Kuling og sjötykke fraa
sud. Sjøen lae paa
dek. Ved vaktskifte kl
5 e.m. rauk de up ei
stormböye med sjö so at
me maatte je up fokka
6te mai. Vinden lae seg
snart igaarkvel, maa=
=nen sjen, og her vart som
vanleg, kalt og hustre
÷ 2 gr. sjøen + 4 gr.
Er naa paa 69° lengde
og 57° bredde
Saag idag den fyrste
seiler paa turen ein
4 masting, som bauta
seg Vestover, hubbetu kor
vont den vist hev de

7de Fin bris N.V.
8de S.S.N. 6 m fart
sjobórur
10de Slut med den gode
vinden. hev fenge motvind
istan. Er forbi Falkland
Sundag 12te Mai
Kuling god atterleg vind
De jeng B. .... 8 m.
Takke for god vind eg
er lei detti mase
Kristihimmelfartsdag 16de
Motvind, uf uf lig i stam=
pe kjæm ikkje av flekken
Barometeret stig so snart
kansje kan de forandre seg
Laurdag 18de mai
17de var feira dobbelt, Lund-
-ström fødselsdag
De beste var at me fek
feiande fin vind, som staar
ind 7 m. fart 400 m-kl
Tysdag 21de mai
De nærmar seg snart slutten
naa den sjöreisa, pasera den fyrste
fyr idag tileg. hev naa i kvel

fyrsjøpe i vente, Våre er dise
Sörleg bris, 10 f.v



Dagboka er avslutta med dette.
- men midt inne i boka er
det 12 sider opne. Du finn
lin eit blad - som startar med
16^de^ juni, (ikkje årstal)
Innhaldet gjer det klart at det er
heimreisa over Atlanteren frå
Buenos Aires - uklårt om det
er med Fram. -

%

Sondag
16 de juni
Befinder os naa paa linjen
varmt og fælt Pengelans
og elendig gud veidt naar
eg skal hava penger som
de sömer seg ein mann

21de juni
De lid og skri ein dag
om sen. Um sundag morgon
skal me rekke Las Palmas
og ta ind kol. lit kallar
i lufti Var maskerade bal for=
=ut igaar. Tiden drives med
kortspil, og leik med nogle
danske Piger
22de 24°45'N 17°2' W (tilbakelagt)
Fint var passeleg varmt 285 miles
Las Palmas imorgen tileg
Tiden geng seint
23 Las Palmas Sundag
Var iland ilag med Baron
Gyllenlöve og spiste frokost paa
Hotel Continental
Kom ind paa havni kl. 7 fm.
Jek kl 1/2 12 Tog ind kul

Mandag 24^de St. hansdag
32°19' N 13°55' W 261 m.
Motvind og nasasjö vore
damer er daarlege. fint
var. Tura eftan med
lit glas öl som Rönne
reiv i. alle er pengelens
Tvers paa Madeira
25^de 36°57' N 12°10' W
291 Kaldt og godt var
Spelar kort og driv tiden
som best. 2 Fl. Wiski
ikvel, Premien for dra=
=ging
26^de 41°38' N 17°7' W
Midt i Franskebugti
fint var
27^de 46°12' N 7°3' W
306 miles Vind S
28^de 50°21' N 2°32' W
Ind i den engelske kanal
Sjampagnelag Baron
Gyllenkrone reiv i
London i Morgo

Slutt.